

EG TRIVAST!

SAMSPEL – RELASJONAR – TRYGGLEIK

Handlingsplan for trivsel i barnehagen og
førebygging av åtferd og mobbing



Føreord

Samspel – relasjonar – tryggleik er grunnpilarar i våre møte med barn og føresette i barnehagen. Trivsel er avgjerande for barns læring og utvikling. Det å bli sett, lytta til, møtt med tydeleg og varm grensesetting – det er så viktig for våre barn! Det er så viktig at vi er merksam på det enorme ansvaret vi har som vaksne i møte med barn i barnehagen og deira føresette. Dei er vår framtid! Dei erfaringar barn gjer seg i barnehagen er med på å prege dei og deira forventningar til jamn aldrande, til seg sjølv - til seinare skule, yrkes- og samfunnsliv. Grunnlaget leggast i barnehagen. Dette ansvaret tek vi!

Eg trivast er utarbeidd av personalet i barnehagen med bakgrunn i ny mobbelov for barnehagen, der barnehagen sitt psykososiale miljø er grunnpilaren.



Innhald

FØREORD	2
INNLEIING	5
MÅL OG KJENNETEIKN PÅ BARN SOM TRIVEAST	5
Mål:	5
Kjenneteikn:	5
DEFINISJONAR	6
Krenkende åtferd:	6
Mobbing:	6
Sosial kompetanse:	6
Gruppedynamikk:	6
Autoritativ vaksen:	6
FØREBYGGANDE ARBEID	7
Barna i våre barnehagar skal oppleve:	7
Førebyggande arbeid i barnehagen	7
Sosial kompetanse:	7
Gruppedynamikk:	8
Venskap og leik:	8
Relasjonar:.....	8
Vaksenrolla og kommunikasjon:.....	8
Rettleiing og kompetanseheving:	8
Observasjonar:	9
Pedagogisk verktøy:	9
Aktivitetsplikt:	9
Førebyggande arbeid i heimen	9
Foreldre kan drive førebyggande arbeid ved å:	9
Tiltak i heimen:.....	10
SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE	11
RUTINAR:	12
Førebygging:	12
Avdekking:	13
Tiltak:	14
Organisering:	15



Vedlegg:	15
Framtidsbilde:	8
Bekymringsmelding:	8
Aktivitetsplan:.....	8
Kontaktbarometer:	8
Sjekkliste:.....	9
Oppgave krenking:	9
Utviklingssamtale:	9



INNLEIING

Barnehagen har ei viktig rolle for at barn skal trivast i barnehagen og for å førebygge mot mobbing.

Psykisk helse og førebyggjande arbeid er i fokus i barnehage og skule. Forsking peikar på at mobbing og krenkande åtferd finnast i barnehagen. Kvart enkelt tilfelle av krenkande åtferd og mistriksel er eit for mykje.

Forsking viser at barn i aldersgruppa 3-8 år er mest mottakeleg for læring. Barnehagen må ha fokus på sosial kompetanse, vennskap og leik, relasjonar og vaksenrolla. Til saman gjer dette barnehagen til ein ypparleg arena for å førebygge?.

MÅL OG KJENNETEIKN PÅ BARN SOM TRIVAST

Mål:

Barn skal få erfaring med og utvikle seg i forhold til læring og danning i leiken gjennom

- Samspel - Barnet leikar
- Relasjonar - Barnet har venner
- Tryggheit - Barnet viser følelsar



Kjenneteikn:

- Alle barn har nokre å leike med
- Barn kan regulere eiga åtferd
- Barn kan hevde seg sjølv på en god måte
- Barn kan utsette eiga behov
- Barn kan sette ord på kjensler og tolke andre sine kjensler
- Barn kan vise omsorg og empati
- Barn kan forhandle i leik



DEFINISJONAR

Krenkande åtfærd:

Krenkande åtfærd er ein felles beskriving på alle former for åtfærd som uoverlagt eller tilsikta rammer andre menneska fysisk eller psykisk. Krenkande åtfærd kan vere som enkelthandling eller gjentatt. Krenkande åtfærd er handling som utførast utan respekt for andre sin integritet.

Mobbing:

Mobbing er når det er ubalanse i eit maktforhold og eit barn gjentatt gongar blir fysisk eller psykisk plaga, eller utestengt frå leik og samvær, og sjølv opplever det som trist, vanskeleg, ubehageleg, vondt. Makt er ikkje stygt eller unaturleg i seg sjølv, men rettleiing kan vere nødvendig for å bruke makt på ein positiv måte.

Vi kan skilje mellom direkte mobbing og indirekte mobbing:

Direkte mobbing - når angrepet er opent, som for eksempel slag, spark eller verbalt med skjellsord, krenkande og hånlege kommentarar eller truslar.

Indirekte mobbing - sosial mobbing gjennom for eksempel utestenging, ryktespreiing, bli frossen ut, stå utanfor venneflokket, bli baksnakket.

Sosial kompetanse:

Dei kunnskapar, ferdigheitar, haldningar og den motivasjon mennesket trenger for å meistre dei miljøa dei oppheld seg i.

Gruppedynamikk:

Samspel på kryss og tvers mellom personar i ei gruppe, samt forhold og krefter som påverkar prosessane i gruppa.

Autoritativ vaksen:

- finne ein balanse mellom varme og kontroll
- gje trygghet og gode rammer
- vere ein førutsigbar vaksen



FØREBYGGJANDE ARBEID

Barnehagane skal arbeide med å skape eit godt og trygt miljø for barna. Vaksne i barnehagen skal arbeide for at krenking og mobbing ikkje skal førekome ved å fremme gode relasjonar, samspel og fellesskapsfølelse.

Det finnes ingen garanti for at positive relasjonar utviklast «berre barn er saman». Det sosiale miljøet skal vere prega av samspel, relasjonar og trygghet. Dei vaksne skal vere aktive i forhold til å inkludere barna i eit fellesskap, leggje til rette for vennskap og leik med andre barn. Dette styrkar barnas sosiale utvikling. Sosial kompetanse er ein ressurs mot krenkande åtferd og mobbing.

«Kvar dag reagerer barn på ein rekke sosiale krav, og dei nyttar ulike handlingsmønster for å meistre ulike situasjonar. Mislykkast barn i møtet med sosiale krav, kan det føre til avvising og tap av status og gi grunnlag for mobbing»
(Mobbing i barnehagen, Barne- og familiedepartementet)

Barna i vår barnehage skal oppleve:

- Eit miljø der alle blir møtt med varme, anerkjenning og oppmuntring, slik at en opplev seg sjølv som verdifull.
- Eit miljø der alle respekterer kvarandre for den ein er.
- Eit miljø kor dei lærer å knytte og oppretthalde venskap og relasjonar, slik at dei har vener og nokon å leike med.
- Eit miljø som styrkar sjølvkjensla – og som gjer barna godt rusta til å møte verda utanfor.
- Eit personale som er bevisste på sitt ansvar om å førebygge og sette inn tiltak mot mobbing.
- Eit miljø med glede og tryggleik.

Førebyggjande arbeid i barnehagen for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Sosial kompetanse:

Sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problem åtferd som mobbing. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Samspel med andre menneske – barn og vaksne – er av avgjerande betydning for barnets utvikling. Å forholde seg til andre er kanskje det mest vesentlege barnet lærer i barndommen. For å kunne utvikle sosial kompetanse treng barn hjelp av vaksne. Sentrale element i sosial kompetanse er sjølvkjensle, sjølvkontroll, ansvarlegheit, empati og samarbeid.

Det sosialt kompetente barnet har 3 suksessfaktorar:

- lite aggresjon
- balanserer egosentrisk åtferd
- tilpassar seg dei andre; fremmer sine behov, men høyrer også på andre



Gruppedynamikk:

Gruppedynamikken påverkar personleg åtferd, haldningar og meiningar. Det er viktig at dei vaksne er merksame på det sosiale samspelet mellom barna i barnehagen slik at dei får med seg det som skjer og kan påverke i positiv retning.

Barn har eit naturleg og nødvendig behov for å prøve ut sine posisjoner i forhold til kvarandre og undersøke korleis man kan være saman. Det kan oppstå usikkerheit om posisjonane blant barna. Usikkerheita gjer at barn kan avvisast frå leiken. Hensikta er ikkje å gjere andre vondt, men å sikre sin eiga tilhøyra i gruppa. Korleis barn forhold seg til kvarandre er eit resultat av sosiale prosesser. Prosessane kan være positive eller negative. Når det oppstår konflikter i leiken kan leikens orden stå på spel. Her kjem den tydelege og varme vaksne inn og samtalar med barnet, og kjem fram til gode løysningar. Barnet trenger hjelp til å løyse opp i fastlåste eller gjentatte mønster.

Venskap og leik:

Vaksne må leggje til rette for vennskap og leik gjennom varierte lærings- og leikemiljø. Leiken kan vere ein måte å skape vennskap på. Leiken har mange uttrykksformer og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikheit. I eit leikefelleskap leggjast grunnlag for barns vennskap med kvarandre. Å få delta i leik og få venner er grunnlaget for barns trivsel og meningsskaping i barnehagen. I samhandling med kvarandre leggjast grunnlaget for læring og sosial kompetanse. På den andre sidan kan makt og utestenging i leiken hindre vennskap og gode relasjonar.

Relasjonar:

Barnehagen skal leggje til rette for å skape gode relasjonar til både barn, vaksne og føresette. Dette kan gjerast gjennom eit autoritativt vaksenperspektiv, leggje til rette for leik eller andre sosiale aktivitetar. Ved å arbeide aktivt for å skape gode relasjonar viser vaksne at dei bryr seg om barna, er til stede, oppmuntrar og respekterer barna.

Vaksenrollen og kommunikasjon:

Ein varm og grensesetjande vaksen er nødvendig i eit førebyggjande arbeid mot mobbing. I barnehagemiljøa med passive vaksne, der dei vaksne ikkje handlar når barn ertar, steng ute eller er ufine med kvarandre, kan det lett oppstå mobbing. Ingen kan hindre uønskte enkeltepisodar, men varme og grensesettande vaksne veit korleis episodane skal handterast på ein god måte og forhindre at det utviklar seg til mobbing. Barn klarer ikkje sjølv å kome ut av en negativ samspelsirke. Vaksne må hjelpe barna til å kome ut av utfordrande åtferd ved å forsterke positiv åtferd. Sosial kompetanse lærast gjennom gode rollemodellar.

Rettleiing og kompetanseheving:

Ein god barnehage krevjar kompetente leiare og fagleg reflekterte vaksne. Dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Kompetente vaksne i barnehagen vil sjå, anerkjenne og fylgje opp barna i deira utvikling. Å investere i dei vaksne sin kompetanse er difor å investere i barna. I ein kompetent personalgruppe gjennomførast kollegaretleiing og kollektive



prosesser for å få ein felles pedagogisk plattform. Det vert lagt til rette for kompetanseheving gjennom nettverk, kurs, foredrag og utdanning. Forsking viser at for å få effekt av kompetanseheving bør det skje over tid og kollektivt.

Observasjonar:

Vaksne må aktivt bruke observasjonar for å finne ut korleis barn er mot kvarandre, korleis barnehagen må vere observant når det oppstår uheldige samspelsmønstre og maktmønstre mellom barna. Både usystematiske og systematiske observasjonar kan vere til hjelp i det førebyggjande arbeidet mot mobbing.

Pedagogisk verktøy:

Vere sammen handlar om å gi dei tilsette eit kompetanseløft slik at dei kollektivt kan arbeide førebyggjande mot mobbing. Dei tilsette viser verdien av å vere varm og grensesetjande vaksen, kva det enkelte barn har behov for og kor viktig det er å sjå det enkelte barn. For å arbeide førebyggjande mot mobbing bør barnehagane ha eit nært samarbeid med foreldra.

«Ingen vil vel ønske å leve utan venner, sjølv om han hadde alle andre godar»
(Aristoteles)

Aktivitetsplikt:

I barnehagelova § 42 står det at barnehagen har plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Det er denne paragrafen som utløysar aktivitetsplikt for barnehagen dersom der er mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal lage ein skriftleg plan dersom det skal utførast avtalte handling knytt til aktivitetsplikt. Den skal innehalde fylgjande punkt:

- Kva problem tiltaka skal løyse
- Kva tiltak barnehagen har planlagd
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som skal gjennomføra tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast

Førebyggjande arbeid i heimen

Det er viktig at føresette er engasjert i arbeidet med trivsel og trygghet i barnehagen, samt det å byggje opp eit inkluderande fellesskap. Barnehagen informerar og ansvarleg føresette i forhold til deira ansvar. Dette skal gjerast på foreldremøte, i foreldresamtalar og gjennom jamleg dialog.

Foreldre kan drive førebyggjande arbeid ved å:

- Vere engasjerte i eigne og andre sine barn.
- Helse og tale med barn og foreldre du møter i barnehagen.
- Støtte opp under barns vennskap ved å vise at du liker barnets venner, tale med dei og inviterer dei med på aktivitetar.
- Trene barnet i å snakke om følelsar og om korleis det opplevast å bli haldt utanfor og forskjellsbehandla.
- Oppmode barna til å dele og vere raus.



- Vere gode rollemodellar, som talar fordelaktig og positivt om andre barn og deira foreldre i barnas påhøyr.
- Gripe inn når barnet viser uønskt åtferd retta mot andre barn, og på den måten vise at dette ikkje er godtatt.
- Vere gode modellar i konfliktløysing og hjelpe barna til å finne gode måtar å løyse konfliktar på.
- Vere bevisst på kva som leggjast ut i sosiale media. Dette er ikkje stadet å ta opp vanskelege ting.
- Foreldre og barnehagen samarbeider om felles regler for invitasjon til bursdagsselskapa, slik at ingen barn haldast utanfor

Tiltak i heimen:

- Ta signala på alvor dersom barnet endrar åtferd og ta kontakt med barnehagen
- Møt opp på foreldremøta og foreldresamtala
- Lytte til barnet og prate med barnet om kvardagen deira
- Invitere barn med heim
- La barnet være delaktig på sosiale arenaer for å ivareta vennskap og vidareutvikle sosial kompetanse



SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Alt barnehagen gjer, skal ha barnet sitt beste som grunnlag, og eit nært samarbeid med heimen er viktig for å støtte barnet si utvikling. Relasjonen mellom barnehage og heimen må være preget av openheit og likeverd. Personalet har ansvar for å samarbeide med alle foreldra på ein slik måte at dei opplever seg sett, høyrte og inkludert. Det er viktig for foreldra at personalet viser interesse for barnet deira og opptrer som tilstadeverande og trygge. (Barns trivsel – vaksne sitt ansvar; Udir)

HVA	HVORDAN	HVEM
Bringe/hente	<ul style="list-style-type: none"> Barn og foreldre blir sett og høyrte ved å tiltale barnet ved namn; "god morgon, Mari!" Dagleg kontakt for å bygge gode relasjonar Skape trygghet slik at vaksne tør å tale om krenkande åtferd og/eller mobbing 	Barnehage og heim
Periodeplan	<ul style="list-style-type: none"> Hyggeleg og positiv ordlyd Informasjon om trivsel i barnehagen; kva arbeider barnehagen med som foreldre kan støtte opp om. 	Barnehage
Foreldremøta	<ul style="list-style-type: none"> Fast tema: Trivsel og førebygging To foreldremøte i året. 	Barnehage og heim
Foreldresamtaler	<ul style="list-style-type: none"> Fast tema: Trivsel og sosial utvikling Minimum ein samtale i året. 	Barnehage og heim
Arrangementa i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> Fokus på å inkludera og trivsel 	Barnehage og heim
Samarbeidsutval	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av planen <i>Eg trivast!</i> Drøfting av refleksjonsspørsmål 	Barnehage og heim
Foreldremøte	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av planen <i>Eg trivast!</i> Drøfting av refleksjonsspørsmål 	Barnehage og Heim
Årsplan/ Plan for verksemda	<ul style="list-style-type: none"> Få førebyggingsdelen frå planen <i>Eg trivast!</i> inn i årsplan/plan for verksemda 	Barnehage
Tverrfaglege samarbeids-partnarar	<ul style="list-style-type: none"> Planen "Eg trivast!" sendast til helsestasjon, PPT, barnevern 	Kommunalsjef og barnehage
Overgang barnehage/skule	<ul style="list-style-type: none"> Sjå eige plan for overgang barnehage/skule 	Barnehage
Invitasjonar	<ul style="list-style-type: none"> Jamfør avtale med samarbeidsutvalet. Invitasjonar til aktivitetar utanfor barnehagen skal ikkje delast ut i barnehagen. Bursdagsinvitasjonar, kullet til barnet eller heile gruppa 	Barnehage og heim
Til refleksjon: bursdagar, julekort/-gåver, besøk, overnatting, ...	<ul style="list-style-type: none"> Korleis ville du ha likt om ditt barn aldri blir bedt i bursdag? Korleis ville du likt at ditt barn oversjåast/omtales negativt av andre foreldre? Korleis ville du likt at ditt barn diskuterast rundt andre sitt middagsbord? Korleis ville du likt at ditt barn blir kommentert negativt i garderoben mens andre høyrer på? Korleis ville du likt at ditt barn blir "syndebukk" sjølv om det ikkje er til stede? Korleis ville du likt at ditt barn aldri blir bedt med andre heim? 	Barnehage og heim



RUTINER:

Fokuset med denne planen er å arbeide systematisk og førebyggende i kvardagen. Vi vil sjå barn som leiker, som har venner og som viser følelsar. For å få en kollektiv forståing av korleis barnehagane skal førebygge er det laget felles rutinar for dei vaksne.

Førebygging:

Kva gjer vi for å førebygge?	Alle vaksne:
Utviklar sosial kompetanse	<ul style="list-style-type: none">• Er rettleiande, lyttande og observerande.• Arbeidar for at barna kan handtera aggresjon, egosentrisk åtferd og tilpassa seg dei andre; fremmer sine behov, men høyrer også på andre.• Styrker barnas sjølvkjensle, sjølvkontroll, ansvarlegheit, empati og samarbeidsevne.
Skaper god gruppedynamikk	<ul style="list-style-type: none">• Er rettleiande, lyttande og observerande.• Styrker barnas kompetanse i sosialt samspel gjennom små og store grupper med ulike opplevingar gjennom lek og aktivitetar.
Utviklar vennskap og lek	<ul style="list-style-type: none">• Skaper gode arenaer for lek i små og store grupper.• Observerer lek og samspel mellom barna.• Gjev barna opplevingar som fremmer læring og lek.
Bygger relasjonar	<ul style="list-style-type: none">• Er varme og grensesetjande.• Legger til rette for lek og andre sosiale aktivitetar kvar dag.• Er aktive og bevisste som ser og høyrer alle barn kvar dag; slik at barnet føler seg verdsett.
Utviklar vaksenrollen	<ul style="list-style-type: none">• Er varme og grensesetjande.• Er rettleiande, lyttande og observerande.• Er gode rollemodellar.
Fokuserer på rettleiing og kompetanseheving	<ul style="list-style-type: none">• Deltok i kollegaretleiing.• Deltok i kompetanseheving: Vaksenrolla, lek, observasjon og sosial kompetanse.
Arbeidar med kvaliteten på observasjonar	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidar med systematiske og usystematiske observasjonar.• Reflekterer rundt observasjonar, ved å bruke ulike refleksjonsnotat• Igangsetjar tiltak der det er nødvendig.• Samarbeider med føresette.
Bruker pedagogisk verktøy	<ul style="list-style-type: none">• Arbeider med "Vere samen" eller andre verktøy som "Alle med", TRAS, ...



Avdekking:

Alle vaksne skal:

- Tore å sjå det vanskelege
- Sei noko om det dei ser
- Stoppe uakseptabel åtferd
- Ha fokus på løysning!

Kva gjør vi for å avdekke?	Når	Ansvar
Observere samspelet i barnegruppa	Kontinuerleg	Alle vaksne
Lytte til det barna forteljar	Kontinuerleg	Alle vaksne
Drøfte samspelet i barnegruppa	Planleggingstid	Styrar/pedagogisk leiar
Foreldresamtaler der det blir tala om barnets trivsel	Minimum ein gong i året	Pedagogisk leiar
Ved krenkande åtferd skal pedagogisk leiar og einingsleiar informerast og situasjonen skal drøftast	Kontinuerleg	Alle vaksne
Informere føresette dersom deira barn har vært involvert i ein spesiell konflikt i løpet av dagen	Kontinuerleg	Den vaksne som har observert konflikten, evt. pedagogisk leiar

Endra åtferd som kan være teikn på at eit barn ikkje har det bra:

- barnet vil ikkje gå i barnehagen
- barnet begynner å tisse på seg etter å ha vært tørr
- endrar ete- og sovevaner
- blir engsteleg og redd
- blir oppfarande og fort sint
- får dårleg sjølvbilete/-tillit
- nektar å fortelje kva som er galt
- plager yngre barn eller søsken
- blir klengete og søker meir vaksenkontakt enn før
- blir veldig stille og "usynleg"

Årsakene til endra åtferd må undersøkast, (jamfør aktivitetsplikt)



Tiltak:

Viktig at tiltaka har fokus på:

- Umiddelbare tiltak for å styrke sjølvbilete/-tilliten til den som blir mobba og den /dei som mobbaren
- Umiddelbart aktivt og bevisst byggje relasjonar til barna, både barnet/barna som blir mobba og den/dei som mobbar
- Nulltoleranse for mobbing. Ein haldning hos dei vaksne som viser at slik åtferd ikkje akseptert
- Vise mobbar alternativ åtferd
- Tett vaksenoppfølging
- Systematisk observasjon
- Tett samarbeid med føresette og evt. andre eksterne samarbeidspartar

Kva gjer vi når mobbing skjer?	Når	Ansvar
Pedagogisk leiar informert og situasjonen skal dokumenterast skriftleg	Umiddelbart	Alle vaksne
Einingsleiar blir varsla	Umiddelbart	Pedagogisk leiar
Samtale med barnet som blir mobba	Umiddelbart	Pedagogisk leiar
Samtale med barnet/barna som mobbar – ein og ein	Umiddelbart	Pedagogisk leiar
Avtale tid til foreldresamtale med foreldra til begge partar	Umiddelbart	Pedagogisk leiar
Gjennomføre foreldresamtale med foreldra til begge partar – kvar for seg. Skriftleg dokumentasjon skal leggjast til grunn. Innhald i samtalen: - Kva har skjedd? - Kva har vi gjort? - Kva gjer vi vidare?	Innan ei veke	Pedagogisk leiar/einingsleiar
Utarbeide plan for tiltak: - Plan for oppfølging av barnet som blir mobba - Plan for oppfølging av barnet som mobbar	Umiddelbart	Pedagogisk leiar /einingsleiar
Vurdere om ein skal kontakte samarbeidspartar som helsesjukepleiar, PPT, barnevern e.l.	Ved behov	Einingsleiar



Organisering:

Kva gjer vi med handlingsplanen <i>Eg trivast!?</i>	Når:	Ansvar:
Handlingsplanen inn i årshjulet	Kvart år ved nytt barnehageår	Einingsleiar
Tilgjengeleg på heimeside og i barnehagen	Kontinuerleg	Einingsleiar
Deles ut til nye føresette	Minst en gang i barnehagetida	Einingsleiar
Informere på foreldremøte - Jamfør Førbyggande arbeid i heimen	Ein gong pr. år	Einingsleiar/pedagogisk leiar
Følge opp planen på alle avdelingar	Kontinuerleg	Pedagogisk leiar
Informere vikarar	Nye vikarar startar	Einingsleiar/pedagogisk leiar



Like viktig som å sørge for å stoppe mobbing når det har oppstått, blir det å bygge opp sosial kompetanse for å vere føre var (BFD; 2004)



FRAMTIDSBILDE

For arbeid mot eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Kvalitetsområder Kjenneteikn på god praksis

Barna opplever en trygt og god barnehage

- Alle barn får moglegheit til å få gitt uttrykk for si oppleving av barnehagemiljøet. Barns medverking
- Alle barna er trygge på vaksne og barn i gruppa
- Alle barna opplever seg som betydningsfulle i fellesskapet (opplever seg likt, sett og høyrte og får medverke)
- Alle barna opplever konsistent praksis (samstemte vaksne)

Dei vaksne skaper eit trygt og godt barnehagemiljø

- Alle barna blir sett og høyrte
- Alle vaksne er varme og grensesettande (autoritative vaksne)
- Alle vaksne søker etter barna si oppleving av barnehagemiljøet
- Alle vaksne etterlever konsistent praksis (samstemte vaksne)

Foreldra bidreg til eit trygt og godt barnehagemiljø

- Foreldra opplever ein god dialog med barnehagen
- Foreldra viser positiv interesse for å skape eit inkluderande miljø
- Foreldra er trygge på kva, kven, kor dei kan ta opp utfordringar knytt til eit trygt og godt barnehagemiljø
- Foreldra deltek aktivt på foreldremøte, utviklingssamtaler og arrangement i barnehagen sin regi

Barnehagen arbeider systematisk for å skape eit trygt og godt miljø

- Barnehagen har ein tydeleg struktur for å arbeide systematisk med å fremje eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge og handtere mobbing og andre krenkingar
- Alle tilsette deltek på lærande møter om barna sitt barnehagemiljø, kor det er sett av tid til teori, forskning, refleksjon og erfaringsdeling
- Alle tilsette har felles forståing, omgrepsbruk og praksis omkring mobbing og krenkingar, Rammeplanen, barnehagen sitt regelverk og rutinar
- Rutine for å sikre trygg og god overgang frå barnehage til skule og overgangar mellom avdelingar i barnehagen.



Bekymringsmelding vedkomande krenkande åtferd/mobbing, trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, jamfør § 42 i barnehagelova

Barnehagens namn		
Barnets namn		Fødselsdato
Avdeling		
Bekymring meldes til		
Bekymring meldes av		
Dato for melding		
<p>Kva dreier bekymringa seg om? (stengt ute av leiken, blir ikkje akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykka, trua, slått, hersa med, hånt, krenka, latterleggjort, manipulert eller annet)</p>		
<p>Korleis blei bekymringa oppdaga?</p>		
<p>Anna faktainformasjon</p>		



Aktivitetsplan vedkomande krenkande åtferd/mobbing i barnehagen, jamfør § 42 i barnehagelova

Skjemaet skal ligge i barnet si mappe (evt. kopi til føresette)

Møtedato: _____

Deltakrar på møtet var: _____

	Status:	Ansvar:
Aktuell problemstilling og akutt inngrep:		
Tiltak barnehagen vil setje i gong:		
Når skal tiltaka starte:		
Kven er ansvarleg for tiltaka:		
Når skal tiltaka evaluerast:		
Einingsleiar i barnehagen varsla:		

Dato for neste oppfølgingsmøte er sett til: _____

Underskrift barnehagen:

Underskrift foreldre/føresette:



Observasjonslogg

Kva har eg sett/høyr	Kven gjeld det	Når	Signatur



Til kontaktskjema:

Før utfylling av kontaktbarometeret bør du gjere deg nokon tankar og reflektere over spørsmåla under:

Har eg ein nær og positiv relasjon, eller er forholdet mitt til dette barnet meir prega av avstand?

Kanskje har eg ikkje så mykje kontakt akkurat med denne guten eller jenta?

Er relasjonen prega av irritasjon og negativitet, kjeftar eg mykje på dette barnet, blir eg lett sint på han/henne?

Trygg sone/grøn betyr at du opplever å ha eit nært forhold til barnet og at barnet er trygt på deg.

Risikosone/gul betyr at du ikkje har noko særleg nærleik med barnet. Relasjonen er ikkje negativ, det er berre ikkje så mye kontakt.

Faresone/rød betyr at din kontakt med barnet er prega av negativitet, som irritasjon, kjefting eller sinne. Du har få eller ingen positive kjensler overfor barnet.

Det kan vere at din kontakt med barnet er delt mellom fleire sone, då er det mogeleg å dele ruta i 2 og gi barne to fargar (eks. halv rute rød og halv rute gul)

VÆR ÆRLIG MED DEG SJØLV NÅR DU FYLLER UT –



Kontaktbarometer kor alle vaksne på gruppa har sett inn sin relasjon:

BARN i gruppa:	TILSETT:	TILSETT:	TILSETT:	TILSETT:	TILSETT:	TILSETT:	TILTAK:

- Får barnet berre grøne er saka grei ☺
- Får barnet berre ein rød/gul og resten grøne, bør den tilsette som scorar rød/gul jobbe med sin relasjon til barnet. Se eksemplar på tiltak for å snu ein vanskeleg relasjon. Barnet er **ikkje** i nokon faresone, og har fleire vaksne som støtter det.
- Får barnet halvparten rød/gul og grøne, da har barnet det trygt og godt, men det **er sårbart**. Tenk sjukdom og delte stillingar. Barnet kan raskt bli omgitt av vaksne som scorar barnet gult eller rødt. Her må dei tilsette som scorar rødt/gult jobbe med sin relasjon til barnet (se eksemplar), og hele avdelinga bør sette i verk tiltak.
- Får barnet berre eller overvekt av rød/gul er det i faresona og har det ikkje trygt nok på avdelinga. Her må kvar enkelt tilsett jobbe med **relasjonen** til barnet og avdelinga må sette i verk tiltak som **sikrar barnet tryggleik og gode relasjonar til de tilsette**.



EKSEMPLAR PÅ KONKRETE TILTAK SOM KAN BIDRA TIL Å SNU EIN VANSKELEG RELASJON:

- Bankingtime: I følge Pianta (1999) handlar bankingtime om den vaksne si kvalitetstid i samvær med det einskilde barn. Sagt på ein annan måte: tett vaksenkontakt i ein situasjon som barnet liker/har velt. Den vaksne viser at eg vil bruke tid med deg, du er verdifull/viktig/eg ser deg.
- Leik med barnet. Sett av minimum eit kvarters tid kvar dag, utanom rutinesituasjonar, kor du vier heile din merksemd til leik med det barnet du strever med. La barnet bestemme, følg og støtt dei ulike initiativa han eller hun kjem med. Vil barnet lese bok, les bok. Vil barnet bygge eit tårn sjølv, sett deg ved sidan av og vis at du følger med. Bidra i bygginga dersom barnet ønskjer det. På denne måten får du og barnet nokon gode opplevingar saman, dykk får kontakt og ein ny nærleik kan vise seg å vekse fram. Dette handlar både om bankingtime og tilknytning som er ein del av tryggleikssirkelen.
- Ta fram din positive mentale kikkert og leit etter ting å like hos barnet, oversjå aktivt det som provoserer deg, og forsøk å legge merke til småting du kan verdsette, som at Torjus gir plass til eit anna barn ved sidan av seg, eller at Kristine smiler til deg i garderoben.
- Snakk positivt om barnet, så andre høyrer det: «Kanskje du kan gi plass, sånn som Torjus gjorde så fint i stad?»
- Tenk at du skal hjelpe barnet heller enn å irettesette det, og ver merksam på situasjonar kor barn ser ut til å trenge din hjelp.
- Bruk tryggleikssirkelen aktivt, forsøk å forstå kor i sirkelen barnet er i ulike situasjonar, og kva slags støtte du kan bidra med.
- Tøys med barnet, forsøk å få han eller ho til å le, og le du også.
- Grip anledningar som oppstår gjennom dagen til blikk-kontakt og venleg berøring.

Halde fram med å reflektere saman med kollegaene dine over korleis relasjonen utviklar seg og kva anna du kan gjere for å bidra til god utvikling. Det er også viktig å reflektere over dei gode relasjonane: Kva gjer eg i dei relasjonane som er nære og positive tilsynelatande heilt av seg sjølv? Korleis bruker eg meg sjølv saman med barn eg liker godt? Ved å bli meir klar over sine eigne bidrag i positive samspel kan man lettare overføre dette til dei meir krevjande relasjonane.

Ein svært viktig bonus av dei vaksne sitt arbeid med å like alle barna, er at eit barn som blir godt likt av dei vaksne, også blir betre likt av dei andre barna i barnehagen 😊



Sjekkliste for miljøet i barnehagen «Eg trivast»

Skjemaet nedfor er et verktøy personalet i barnehagen kan bruke for kartlegge, reflektere over og vurdere miljøet i barnehagen. Det gjelder både forholdet mellom barn – voksne, barn-barn og voksne-voksne.

Påstand:		Helt enig	Delvis enig	Helt uenig
1.	Miljøet i vår barnehage er preget av gjensidig omsorg, inkludering, anerkjennelse, varme og respekt.			
2.	Miljøet i vår barnehage er preget av en trygg og avslappende tone med humor, spontanitet, oppmuntring og glede.			
3.	Samspillet barna i mellom er preget av likeverdighet og veksling av hvem som bestemmer og hvem som til enhver tid får være med i leken.			
4.	I vår barnehage griper de voksne raskt inn ved tilfeller av krenkende atferd, og prøver å løse saken på laveste nivå.			
5.	I vår barnehage observerer vi både miljøet og enkeltindividet ved mistanke om krenkende atferd.			



Eg bruker det pedagogiske materialet i Være saman for å forhindre krenking gjennom å støtte barnas sosial kompetanse? _____

Sjekkliste for barnehagens personale «Eg trivast»

Skjemaet nedfor er et verktøy personalet i barnehagen kan bruke for kartlegge, reflektere over og vurdere sin praksis når det gjelder de voksne sitt forhold til barna.

Påstand:		Helt enig	Delvis enig	Helt uenig
1.	De voksne i vår barnehage er anerkjennende og støttende i forhold til barns initiativ.			
2.	Alle barna blir lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlighet (innadvendt/utadvendt).			
3.	Noen barn får stadig positiv oppmerksomhet fra de voksne – mer enn andre barn.			
4.	Noen barn får stadig negativ oppmerksomhet fra de voksne – mer enn andre barn.			
5.	De voksne har lettere for å tro på noen barns forklaringer på konflikter enn på andre barn i gruppa.			
6.	Det er noen barn i gruppa som vi voksne tar mer kontakt med og finner på flere aktiviteter med enn andre barn.			
7.	Det er noen barn i gruppa vi voksne tar lite kontakt med/sjelden tar initiativ til kontakt med.			
8.	Vi klarer å involvere alle barna i fellesskapet, f.eks. praten rundt bordet ved måltider.			
9.	De voksne har større tålmodighet med enkelte barn i gruppa enn andre når det gjelder å følge dem opp/hjelpe dem.			
10.	Noen barn blir raskere avbrutt/avvist av de voksne enn andre når de tar kontakt med de voksne.			
11.	De voksne er bevisste på at barn ikke alltid klarer å skille spøk/ironi.			



Oppgåve Krenkingar (til bruk i personalet)

I-G-P

(tenk først sjølv, samtal med gruppa din og noter ned kva dykk meiner/kjem fram til og plenumsoppdatering i etterkant)

Gruppa leverer inn arket i etterkant.

Kva meiner vi er krenkingar?	Kvifor synes vi det?
Kva barn er sårbare for å oppleve krenking hos oss?	Kvifor tenker eg det?
Kva handlingar og haldningar ser vi truleg som normalt på eininga vår, og som kan hindre oss i å oppdage trakassering og krenkingar?	
Kva tenker vi er viktig for å handtere og avdekke krenking?	
Anna som dykk tenker er viktig å få fram:	



Skjema til bruk ved rettleiing og utviklingsamtale

Personopplysningar:	
Namn:	Dato:
Namn på avdeling:	
Namn på avdelingsleiar:	

Oppsummering av måla frå førre samtale:

Den autoritative vaksne:
<ul style="list-style-type: none">- Korleis ser du på deg sjølv som ein autoritativ vaksen? Varm og grensesettande (kjærleg og bestemt – tydeleg)- Må/bør du endre din vaksenrolle- Noko du må gjere mindre av, eller meir av?

Relasjonsbygging:
<ul style="list-style-type: none">- Er det barn du treng å bygge betre relasjon til?- Gjev dagen rom for å bygge relasjon til enkeltbarn?- Kva arena er gode til å bygge relasjonar?- Er det tid til positiv perspektivtaking til enkeltbarn? (sette seg inn i barnet sine tankar for å imøtekoma barnet sitt behov)- Treng du frigjort tid til kvalitetstid med barn med ekstra behov?



Grensesetjing:

- Har vi førutsigbare grenser på avdelinga?
- Gjev vi rom for medbestemming hos barna?
- Er du ein varm grensesettar? Klarar du å hjelpe barnet til å ta gode val sjølv?

Dette vil eg arbeide med til neste samtale:

- 1.
- 2.
- 3

Trivsel:**Neste samtale (dato):**

Underskrift tilsett:

Underskrift avdelingsleiar:

